

REGULERINGSPLAN FOR NAUSTOMRÅDE FOR DEL AV GNR 114 BRN 1, BRATTESTØ.

REGULERINGSVEDTEKTER

1. Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense.

2. Planområdet som er skildra på planen er delt inn i reguleringsområde med følgjande føremål:

Byggjeområde - naust, kai

Landbruksomr. - skogbruk

Fellesområde - felles avkøyring

felles parkeringsplass, tilkomstveg.

3. Byggjeområde for naust.

I byggjeområdet skal det berre førast opp naust. Nausta skal førast opp i rekke som vist på reguleringsplanen.

Det skal støypast ein kai framfor kvar naustrekke på opptil 4m breidde. Nausta skal ha saltak. Eksisterande vegetasjon skal vernast så langt råd er. Det vert ikkje tillate med flytebryggje ut i sjøen.

4. Landbruksområde.

I området for skogbruk er det lagt inn gangstiar. Desse kan opparbeidast til ein breidde på maks. 1m.

5. Fellesområde.

Felles avkøyring, parkeringsplass, felles for nausteig. og grunneig.

På parkeringsplassen kan det førast opp bosskur. Plasseringa skal godkjennast av bygningsrådet. Det skal opparbeidast ein tilkomstveg fram til nausta, med ein breidde på 3m.

6. Felles føresegner.

Eksisterande vegetasjon i planområdet skal vernast så langt råd er. Hogging av tre må ikkje skje utan at det er heilt naudsynt. Ved handsaming av byggjesakene skal bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god form og matrialhandsaming.

7. Der særlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet innanfor ramma av bygningslova og bygningsvedtekten for Sveio kommune, gjera mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsførere segnene.